



St.prp. nr. 48

(2005–2006)

Om endringar av løyvingar for 2006 under Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 31. mars 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Denne proposisjonen gjeld to saker. Det fremmast forslag om tilleggsløyving for å dekkje kostnader for å gjere ytterlegare undersøkingar av vraket av ubåten «U 864» utanfor Fedje. I tillegg blir det gjort greie for endringar i opplegget for vederlag for 10 løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i Finnmark.

2 Ytterlegare undersøkingar av ubåten «U 864» utanfor Fedje

2.1 Innleiing

Ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 79 (2004-2005) *Om endringer av bevilgninger på Fiskeri- og kystdepartementets område*, jf. Innst. S. nr. 21 (2004-2005), blei det gitt ei løyving på 14,7 mill. kroner slik at Kystdirektoratet sommaren og hausten 2005 kunne gjennomføre eit forprosjekt for å klarleggje korleis ureiningsfaren frå vraket av ubåten «U 864» kan fjernast.

Den tyske ubåten «U 864» blei senka av ein britisk ubåt i norsk sjøterritorium vest for Fedje 9. februar 1945. Heile mannskapet omkom. Vraket av «U 864» blei funne av Sjøforsvaret i februar 2003, på om lag 150 meters djup og to kilometer

vest for Fedje. Kystdirektoratet blei informert om funnet, og at vraket kunne inneholde ein last på 65 – 70 tonn metallisk (flytande) kvikksølv lagra på stålfasker. Opplysninga om ei mogleg kvikksølvlast kom fram av historiske dokument som viste ei bestilling av ei slik mengd kvikksølv. Ein har ikkje lastepapira for «U 864», og mengden kan derfor ikkje stadfestast.

Høsten 2003 sette Kystdirektoratet i samarbeid med andre etatar og kompetansmiljø i verk undersøkingar av faren for ureining ved vraket. Det blei funne forhøgde kvikksølvverdiar i sedimenta ved vraket. Mattilsynet fann i 2004 ikkje grunn til å gi kostholdsråd knytt til fisk eller skalldyr frå området. På bakgrunn av dei historiske forholda knytt til vraket har Fiskeri- og kystdepartementet halde den tyske og den britiske ambassaden informert.

Sommaren 2005 tilrådde Kystdirektoratet at det blei gjennomført eit forprosjekt med nærare undersøkingar, m.a. av tilstanden til vraket og lasten, før det kan trekkjast ein konklusjon om korleis ureiningsfaren kan og bør fjernast.

2.2 Erfaringane frå forprosjektet hausten 2005

Det arbeidet som er gjennomført i forprosjektet hausten 2005 har gitt betre kunnskap om tilstan-

den til vraket og ureiningsssituasjonen. Det er m.a. gjort kartlegging av vrakdelar, havbotn, straumforhold, ureining i vatn og sediment samt kvikksølvnivå i fisk og skaldyr.

Totalt blei 107 vrakdelar lokalisert. Det vart også funne ein beholdar med kvikksølv. Denne låg i sedimenta, utanfor vraket. Beholdaren var heil og i relativt god forfatning, men punktvis korrodert. Funnet av kvikksølvbeholdaren stadfestar at «U 864» hadde ein last med kvikksølv, men det stadfestar ikkje talet behaldarar eller tilstanden til behaldarane som ligg inne i vraket. I forprosjektet vart det gjort forsøk på å klarleggje tilstanden til kvikksølvbeholdarane i kjølseksjonen av vraket. Ein fekk ikkje tilgang til kjølseksjonen, da sedimenta ved vraket viste seg å vere så harde at det ikkje var mogleg å mudre djupare enn om lag 1,5 meter.

Sedimenta i et område berekna til 200 x 200 meter er flekkvis særst sterkt ureina. Av 35 sedimentprøver er 30 klassifisert som særst sterkt ureina, dvs. tilstandsklasse V i Statens forureiningstilsyn (SFT) si klassifisering av ureina sediment. To av prøvene var over 100 ganger meir ureina enn grensa for særst sterkt ureina sediment. Norsk institutt for vannforskning (NIVA) har berekna at det kan lekkje om lag 4 kg kvikksølv årleg frå sediment til vatn ved vraket.

Kvikksølvet ved vraket finst i to formar; metallisk kvikksølv og metylkvikksølv. Laboratorieforsøk ved NIVA viser at begge formane takast opp i botnlevande dyr. Prøver frå fisk og skaldyr viser at kvikksølvnivået aukar i alle dei undersøkte artane i høve til prøvane teke i 2004. Det gjennomsnittlege nivået er framleis relativt lågt i kvar einskild art, men høgare enn det normale bakgrunnsnivået. Undersøkingane frå hausten 2005 viser ei moderat overskriding av grenseverdien i tre av totalt 25 prøver av lange og i éi av totalt 25 prøver av krabbe. Mattilsynet tilrådde den 22. november 2005, ut frå føre-var-omsyn, at det ikkje blir fanga fisk i området nær vraket.

2.3 Behov for ytterlegare undersøkingar sommaren 2006

Kystdirektoratet vurderer faren for ytterlegare ureining som stor, og meiner derfor at dei gjennomførte undersøkingane peiker entydig i retning av at det må setjast i verk tiltak for å fjerne ureiningsfaren ved vraket. Direktoratet tilrår per i dag at sedimenta rundt vraket som er markert forurenset, dvs. tilstandsklasse III eller høgare i SFT si klassifisering, bør dekkjast til, slik at kvikksølvet i desse sedimenta ikkje lenger blir tilgjen-

geleg for biologisk aktivitet og opptak i næringskjeda. Tildekking er ein metode som m.a. er brukt i Sørfjorden ved Odda og i Kristiansandsfjorden. Yttergrensa for det ureina området må detaljkartleggjast.

Kystdirektoratet meiner at dei manglar viktig kunnskap for å kunne gi ei fagleg forsvarlig tilråding om korleis ureiningsfaren knytt til vraket og lasten bør fjernast. Dette gjeld m.a. posisjonen til kvikksølvbeholdarane som ligg i sedimenta utanfor vraket, om tilstanden til kvikksølvbeholdarane inne i vraket er slik at dei let seg heve uten uakseptabel fare for ytterlegare ureining, om arbeid knytt til vraket kan føre til at dette blir ustabil og renseteknologi for ureina massar og vatn frå mudringsarbeida. Det er derfor nødvendig å gjennomføre ytterlegare undersøkingar for å klarleggje desse og andre forhold. På grunn av værforholda må arbeid på og ved vraket gjennomførast i løpet av sommaren 2006.

Kvikksølv er mellom dei farlegaste miljøgiftene. Det er eit trugsmål mot miljøet og mennesker si helse både i Noreg og globalt, og det er derfor eit uttalt mål at utslipp av kvikksølv skal redusert vesentleg seinast innan 2010, jf. St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. Det er allereie registrert sterkt ureina sediment ved vraket.

Funnet av kvikksølvflaska stadfestar at det er kvikksølvbeholdar i og ved vraket. Ut frå dei opplysningane som ligg føre, må det leggjast til grunn at «U 864» hadde ein last på om lag 65 tonn kvikksølv. Både vraket og kvikksølvbeholdane korroderer og brytast ned, men ut i frå dei opplysningane som ligg føre kan ein ikkje seie kor fort dette vil skje.

Kvikksølvet vil etter det vi veit i dag lekkje ut til havbotnen, noko som representerer ein særst stor fare for framtidig ureining. Det totale utsleppet av kvikksølv i Noreg i 2003 var til samanlikning på 1 tonn, medan utslepp til vatn åleine var berekna til om lag 40 kg. Ureining av sjømat med kvikksølvforbindingar er ei aktuell global utfordring med stor internasjonal merksemd. Manglande tiltak i høve til ei kjent ureiningskjelde av denne karakter vil derfor også kunne true det gode omdømmet til norske fiskeprodukt som rein og trygg mat. Den samla verdien av norsk sjømat-eksport var i 2005 på 31,7 mrd. kroner.

2.4 Budsjettmessige konsekvensar

Kystdirektoratet har berekna totalkostnadene for det nødvendige arbeidet sommaren 2006 til 31,3

mill. kroner. Delar av arbeidet må leggjast ut på anbod. I berekninga er det teke høgde for uføre-sette prosjektkostnader og stans på grunn av verforhold. Det er i overkant av 3 mill. kroner i ubrukte midlar frå løyvinga på 14,7 mill. kroner som er overført til 2006. Det er derfor behov for ei tilleggs løyving på om lag 28 mill. kroner i 2006. Det vil ikke vere mogleg å dekkje ein slik kostnad innafør Kystverket si eksisterande ramme.

3 Vederlag for 10 løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i Finnmark

3.1 Innleiing

I Fiskeri- og kystdepartementet sitt budsjett for 2006 ligg det inne inntekter frå sal av 10 løyve til eit fast vederlag på 4 mill. kroner under kapittel 4030 Fiskeridirektoratet post 13 Inntekter vederlag oppdrettskonsesjoner. Løyva vart lyste ut på nytt i fjor haust, men heller ikkje denne gongen melde det seg nokon interesserte.

3.2 Bakgrunn

Ved Stortinget si handsaming av Ot.prp. nr. 65 (2000-2001) vart det vedteke heimel til å ta vederlag ved tildeling av løyve til oppdrett av laks og aure. I innstillinga frå Næringskomitéen vart det lagt til grunn at vederlaget ikkje skulle setjast høgare enn 5 mill. kroner.

Det er etter dette gjennomført to nasjonale rundar med tildeling av nye lakseløyve.

I 2002 vart det lyst ut 40 løyve, av dette 10 til Finnmark. Vederlaget blei fastsett til 5 mill. kroner for resten av landet og 4 mill. kroner i Finnmark og Nord-Troms. Ein rekna seg fram til ein reduksjonen i vederlaget på 1 mill. kroner for løyva lengst nord, basert på ei skjønnsvurdering der konkurranseulempa på grunn av avstand og lågare havtemperatur inngjekk. Det melde seg søkjarar til alle løyva, men søkjarane i Finnmark trekte seg då vederlaget skulle betalast.

I 2003 vart det utlyst 60 løyve – 50 nye og dei same 10 i Finnmark som ikkje var blitt tildelt i 2002-runden. Vederlaget var det same som i 2003. Det melde seg denne gongen ingen søkjarar i Finnmark.

Etter 2002 har det med andre ord vorte tildelt 80 nye løyve, medan dei 10 til Finnmark enno ikkje er komne i drift. Dei 10 løyva i Finnmark har vore utlyst tre gonger (i 2002, i 2003 og i 2005) til eit fast vederlag på 4 mill. kroner pr løyve, men det har ikkje meldt seg interesserte nok søkjarar.

Ut i frå dette meiner Regjeringa at nivået på vederlaget avgjort er for høgt i høve til resten av landet og ikkje samsvarer med kva løyva er verd ut frå tilhøva i Finnmark.

3.3 Endring for å styrkje laksenæringa i Finnmark

Laksenæringa er inne i ein høgkonjunktur, og Regjeringa ønskjer å sikre at Finnmark får høve til å ta sin del av veksten. Det finst fleire døme på godt drivne verksemder, men erfaring har vist at føresetnadane er dårlegare her enn lengre sør i landet.

Departementet vil no endre premissane og lyse ut dei 10 løyva på nytt med:

- kriterie og premissar for å sikre og styrkje laksenæringa i Finnmark, mellom anna forplikting om snarleg oppstart av verksemd;
- fordeling av løyva både på Aust- og Vest-Finnmark;
- ti års kommunebinding til den kommunen løyva blir etablert i;
- variabelt vederlag ved lukka bod, dvs. at det blir marknaden som avgjer prisen – men utan at ein held auksjon som kan drive prisen opp.

Finnmark fylkeskommune vil bli trekt inn i førebuingane til tildelinga.

Variabelt vederlag gjer det vanskeleg å fastslå inntekta på førehand. Ein vil difor komme attende i nysalderingsproposisjonen til hausten med eventuell justering av løyvinga på kapittel 4030, post 13.

Fiskeri- og kystdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar for 2006 under Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer av løyvingar for 2006 under Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer av løyvingar for 2006 under Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1062		Kystverket:	
	01	Driftsutgifter, aukast med	28 000 000
		frå kr 841 040 000 til kr 869 040 000	
